

Noter - Opent kontordag, Valle kommunehus, den 15. september 2025, kl. 13-19.

Til stades: Åse Ingebjørg Flateland, Valle kommune og Nina Malo, Trollvegg.

Oppmøte: 5 personar (2 utbyggjarar, 2 innbyggjarar, 1 næringsdrivande)

Hovudpunkt frå samtalan

Om prosessen med arealplanrevisjon

- Prosessen med arealplanrevisjon er dårleg kommunisert til innbyggjarane.
- Det er uklart kva som ligg til grunn for sjølv revisjonen – kva er intensjonen?
- Utbyggjarar opplever uvisse kring kva som skal vektleggjast i vurderingane – er det faglege eller politiske prioriteringar som styrer prosessen?
- Uklart for korleis ein skal forhalda seg til tema som myr og djupn.
- Spørsmål om det er lov å byggje veg/infrastruktur på myr.
- Bekymring for at område «vaskast vekk» på grunn av myr – dette høyrer heime i reguleringsplan.
- Ein del av desse vurderingane er allereie ivaretekne i pågåande planprosessar.

Utbygging og utvikling

- Det er viktig å sjå heile kommunen i samanheng, ikkje berre Brokke.
- Pågåande arbeid med kommunedelplanen hemmar utvikling – ein tør ikkje satse.
- Det er vanskeleg å investere i infrastruktur til eit hyttefelt når det er uklart om ein får byggje neste felt.
- Jarnsverk parkeringsplass bør oppretthaldast slik som regulert – den er i bruk i dag.
- Utvikling i området er sett på vent – frykt for å satse økonomisk.
- Inntrykk av at kommunen i praksis har lagt ned eit byggeforbod i Brokke.

Tilstand og omdømme

- Enkelte område, særleg ved avkøyring til alpinsenteret og hytteområda på Furestøyl, er prega av grus og manglande grøntareal – det gjev eit negativt inntrykk.
- Det ser dårleg ut når skilt seier "ope", men kafeen er stengt.
- Minigolfbaner og andre tilbod framstår nedslitne og lite innbydande.

- På Jarnsverk blir det ikkje brøytta før det har kome 15 cm snø – dette påverkar snøsmeltinga om våren, og det vert mykje vatn på parkeringsplassane- veldig negativt for dei som ferdast der.
- Masseuttaket ved Vardefjødde har etterlate sår i landskapet og slike inngrep bør ikkje gjerast i framtida.

Tilbod for born og unge

- Alpinanlegget treng fleire aktivitetar for ungdom – særleg om sommaren.
- Det manglar ein eigna møteplass for barn og unge.
- Det er behov for gang- og sykkelveg – særleg langs Brokke -Suleskardvegen

Miljø og natur

- Kritikk mot Trollvegg for ikkje å kvalitetssikre datagrunnlaget godt nok, t.d. med omsyn til raudlista artar.
- Bekymring for at utbyggingar blir for store og gjev for kraftige inngrep i naturen.
- Enkelte ønskjer ikkje fleire hytter i området.
- Det blir peika på at utbygging fører til konflikt mellom innbyggjarar og utbyggjarar.